



Helse Midt-Norge RHF  
Boks 464

7501 STJØRDAL

HELSE		MIDT-NORGE
Saksdok.:	2010/67-50	
Mottatt:	30 APR. 2010	
Saksbeh.:	BEI	Unnt.off.:
Arkiv:		

Vår ref.:  
10/6118

Saksbeh.:  
KF

Ark.:  
G00

Dykkar ref.:

Dato:  
27.04.2010

## HELSE MIDT-NORGE - STRATEGI 2020, HØYRINGSUTTALE FRÅ SULA KOMMUNE

Fagutvalet for helse og sosial i Sula kommune har handsama Strategi 2020 og vedtatt følgende høyringsuttale:

### ”HS-016/10 Vedtak:

Fagutvalet for helse og sosial i Sula kommune har handsama strategidokument Strategi 2020 og vil gi følgende uttale:

Fagutvalet for helse og sosial sluttar seg til Eldrerådet i Sula kommune sin uttale:

”1. Eldrerådet ser det som heilt avgjerande at kommunen får tilført auka ressursar både med omsyn til økonomi og kompetanse dersom Sula kommune skal ta på seg nye og meir spesialiserte oppgåver innanfor medisinsk behandling, førebygging og rehabilitering.

2. Eldrerådet meiner at Sula kommune må samarbeide nært med nabokommunane for å sikre at kommunehelsetenesta får tilstrekkelig ressursar til å løyse oppgåvene sine i framtida, og for å etablere nye og utvida tilbud både i eigen kommune og på tvers av kommunegrensene.”

Fagutvalet i Sula kommune vil i tillegg uttale:

- Fagutvalet for helse og sosial i Sula kommune er einige i utfordringsbiletet som blir trekt opp.
- Fagutvalet for helse og sosial i Sula kommune er einig i at det er behov for at helseføretaka må omstille seg og gjere naudsynte strukturelle grep og vurdere endra oppgåvefordeling/spesialiseringsgrad sjukehusa imellom.
- Det synest å vere lagt ein føresetnad i botnen om at kommunane får tilført friske midlar. Slike midlar har kommunane enno ikkje fått og det er derfor viktig at gjennomføringstempoet blir synkronisert med kommunane sine planar for omstilling til nye oppgåver og med kommunen sine økonomiske og personellmessige ressursar / kompetanse.”

**Adresse:**  
Postboks 280  
6039 LANGEVÅG

**Telefon:**  
Sentralbord: 70 19 91 00  
Saksbeh: 70199100  
Telefaks:

**E-post:**  
postmottak@sula.kommune.no  
**Web:**  
www.sula.kommune.no

**Bankgiro:**  
3910 32 90515  
**Skattekonto:**  
6345 06 15317

**Foretaksnr.:**  
964 980 543

Med helsing

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Kjetil Fylling', written in a cursive style.

Kjetil Fylling  
Kommunalsjef helse og sosial